



Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

1/2016

APRIL • ÅRGANG 23



Me ryddar Sunnhordland

Gjer som gutane i Bremnes idrettslag:

1. Finn ein stad du meiner bør ryddast
2. Ta kontakt med SIM og meld deg på ein ryddeaksjon
3. Kall inn til dugnad

Les meir på side 2 og 3.

Rydd Sunnhordland 2016

Gutane i Bremnes IL sitt G 14 lag har gjort ein stor innsats for naturen og laget. I haust rydda dei strender på vestsida av Bømlø, noko som gav dugnadspengar til lagskassen. SIM sine ryddeaksjonar er svært populære, og innbyggjarane i Sunnhordland har vore med og bidrege til eit reint og ryddig nærmiljø i mange år. Ein slik innsats er viktig for at me skal kunne ha det reint og fint rundt oss. Rydding av såkalla «herrelaust» avfall er eit felles ansvar.

Vart du inspirert til å gjera ein innsats? Ta kontakt med SIM og bli med på laget du òg.



Korleis gjer du det?

Meld deg på ein av SIM sine ryddeaksjonar via SIM sine nettsider www.sim.as. Du finn påmeldingsskjema under > Vårt samfunn

SIM sine ryddeaksjonar er:

- Rydd ei strand
- Rydd nærmiljøet
- Rydd ein sti
- Meld frå:

Meld frå er eit litt annleis ryddetiltak enn dei andre aksjonane. Denne går ut på at me ynskjer melding dersom ein oppdagar område med større forureining. SIM ryddar ikkje opp, men bidrar med og finne løysingar saman med grunneigar eller forureinar.

Er det råd å få betaling for å rydda?

Ja, dersom du ryddar ei strand kan du få eit lite dugnadstilskot. Ta kontakt med SIM dersom du ynskjer å rydda ei strand.

Kven kan vera med?

Velforeiningar, burettslag, idrettslag og andre grupper av frivilljuge som ynskjer å rydda område andre ikkje har plikt til å rydda etter forureiningslova. SIM set som krav at det vert oppført ein vaksen

kontaktperson som står ansvarleg for ryddinga.

Kven kan IKKJE vera med?

- Offentlege etatar, medrekna alle kommunale einingar
- Næringsverksemdar
- Arrangør av tilstelling

Døme på område som kan ryddast

- Strender som kommunen ikkje har ryddeavtale for
- Buområde
- Nærområde
- Turstigar
- Skogsteigar

Kva skjer etter at søknaden er sendt?

SIM avgjer om tiltaket er innanfor føremålet til ryddeaksjonane. Dersom det er det, tek SIM kontakt med ansvarleg for tiltaket for å gjera avtale om praktisk organisering.

Kva kan kastast i sekkene?

Vanleg hushaldsavfall.

(Grovvaffall, farleg avfall og elektrisk- og elektronisk avfall (EE) skal IKKJE i sekkene, men leverast til miljøsentralen på vanlege vilkår.



Kan skular og barnehagar vera med?

Nei. Skular og barnehagar er kommunale einingar og fell utanom ordninga. Men SIM kan vera med og diskutera løysingar for desse, og andre som vil rydda rundt anlegga sine, eller gjera ein ryddejobb for næringslivet.

Kva seier forureiningslova om ryddeansvar?

Eit av hovudprinsippa i forureiningslova er at det er den som produserer avfallet som skal betala for avfallsbehandlinga. Lova slår vidare fast at det er vegeigar som har ansvar for rydding langs veg. Den som driv daglegvarehandel, kiosk, bensinstasjon eller liknande skal setja

opp boskoger på sitt område, sørgja for at dei vert tømde og elles halda området ryddig. Arrangør av tilstelling eller stemne skal sørgja for opprydding etter arrangementet.

Dersom ikkje andre eigarar/etatar har ansvar for det, skal kommunen setja opp boskoger på utfartsstader og andre mykje besøkte offentlege stader. Den som har ansvar for å setja opp boskorgene, skal også tømme dei og sørgja for at området er ryddig.

Usikker?

Dersom du er usikker på om ditt tiltak kjem inn under retningslinene for ein av våre ryddeaksjonar, ta kontakt med SIM.



App (Android/iOS)



facebook.com/SIMrenovasjon



www.sim.as



53 45 78 50



sim@sim.as

Kva får du for 2330 kroner?

Eit gjennomsnittleg abonnementsgebyr hjå SIM er 2330 kroner. Desse pengane skal dekkja kostnadane med innsamling, handsaming og administrasjon. Samanlikna med gjennomsnittet for landet er SIM sitt gebyr lågt. Gebyret vil variere ut frå kva dunkløyising du har.



Dei utsorterte fraksjonane vert sendt vidare til energigjenvinning eller materialgjenvinning. Gebyret skal òg dekke kostnadane med vidare handsaming av avfallet.

Hjå SIM får du:

- **Restavfallet** henta heime ved huset 13 gonger i året
- **Papiravfallet** henta heime ved huset 13 gonger i året
- **Bioavfallet** henta heime ved huset 26 gonger i året.

13

/ per år



13

/ per år

26

/ per år

Gjeld SIM sine hushalds- og hytteabonnentar:



Fri tilgang

til levering av glas- og metallemballasje så ofte og mykje du vil



Kostnadsfri levering

av emballasjeplast på miljøsentralen



Kostnadsfri levering

av tekstilar på miljøsentralen



Kostnadsfri levering

av farleg avfall på miljøsentralen



I tillegg:

- Tilgang til miljøsentral i alle kommunar, der du får levere avfall til ein rimeleg kostnad
- Informasjon om miljørette ordningar

Sju miljøsentralar

Miljøsentralen er ein populær stad for mange no når våren er her. Det skal ryddast og det skal kastast. SIM har miljøsentralar i alle dei sju eigarkommunane, Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. På miljøsentralen kan du kvitta

deg med avfall som du ikkje får plass til i bossdunken, eller som du ikkje har lov å kasta der.

I tillegg kan du kjøpa kompostmold og plenblanding ved alle SIM sine miljøsentralar. Les meir om dette tilbodet

på side 8. Produkta er framifrå som jordforbetningsmiddel eller topplag på grasplentar og i bed.

SIM oppmodar kundar til å bruke kort ved betaling på miljøsentralen.

Kva skjer med avfallet?



Restavfallet:

Vert lasta om på SIM sitt anlegg på Heiane. Restavfall frå SIM- kommunane vert i stor grad energigjenvunne ved anlegg i Bergen eller på Austlandet.



EE-avfall:

Vert sendt til godkjent mottakar for EE-avfall, der komponentar som kan gjenvinnast vert henta ut, og sortert. Miljøfarlege komponentar vert handsama på forsvarleg måte.



Papiravfallet:

Vert lasta om på SIM sitt anlegg på Heiane. Deretter vert det sendt til materialgjenvinning. Vert til ny papp eller papir.



Treverk:

Reint treverk vert nytta i SIM sitt komposteringsanlegg. Impregnert treverk og ureint treverk går til energigjenvinning.



Bioavfallet:

Vert kjørt til SIM sitt komposteringsanlegg i Svartasmåget på Fitjar. SIM produserer kvart år fleire tusen tonn god kompostjord og plenblanding som vert seld ved alle våre miljøsentralar. Store lass kan kjøpast i Svartasmåget.



Glas og metall:

Vert sendt til godkjent mottak for materialgjenvinning.



Farleg avfall:

Vert sendt til forsvarleg slutthandsaming ved godkjent mottak, anten til materialgjenvinning, energigjenvinning eller deponering.



Emballasjeplast:

Vert sendt til godkjent mottak for materialgjenvinning.



Ikkje brennbar rest:

Dette er avfall som ikkje kan nyttast hverken til materialgjenvinning eller energigjenvinning. Avfallet vert difor kjørt til SIM sitt deponi i Svartasmåget, Fitjar. Avfall som vert deponert skal ikkje innehalda organisk materiale.




Tekstilar:

Vert sendt til Fretex for ombruk og gjenvinning.



Informasjon i mange former

SIM er oppteken av at du som kunde skal kunne nå oss, og få informasjon på ein god måte. Difor har me teke i bruk fleire ulike informasjonskanalar der du kan få informasjon.



APP

SIM har utvikla ein app som minnar deg på å setje ut rett dunk, til rett tid. I appen kan du og få informasjon om opningstider på våre miljøsentralar, kvar næraste returpunkt for glas- og metalleballasje m.m. Last ned appen ved å søkja på «SIM tømme kalender» i **Google Play™** eller **App Store®**, eller last ned appen via: app.sim.as.



Facebook

SIM sine facebooksider skal gje deg som kunde rask og lett tilgjengeleg informasjon om ordningar, miljørett atferd eller andre praktiske oppgåver. Du er også velkomen til å ta kontakt dersom du har spørsmål.

Er du på facebook? Gå inn og lik oss og få nyttig informasjon:

facebook.com/SIMrenovasjon.


Informasjonsblad

SIM-nytt: vert gjeven ut to gonger i året, eller ved behov. SIM- nytt vil ha meir utfyllande informasjon om ulike tema. I tillegg vil det vera ein del informasjon som er sesongbasert.

Hytte SIM-nytt: Informasjon til våre hyttekunder. SIM har over 7000 hyttekunder. I hytte SIM-nytt ynskjer me å gje våre hyttekunder god informasjon om det som vedrører hytteabonnementet.


Slam-nytt: SIM har ansvar for slamtømming i eigarkommunane. I slambladet vil du som eig ein slamtank få informasjon om kva du skal gjera før og etter at tanken er tømd.






Visste du at?

Avfallet du sorterar ut, vert **IKKJE blanda** hjå SIM. Alt sortert avfall vert sendt til materialgjenvinning eller energigjenvinning. Dersom du ser at sjåføren tømmer to dunkar i samme bil, er det avdi dei har bilar med **to kammer**.



SIM har ein eigen app som varslar deg **kva dunk** som skal ut **kva tid**.

Alt avfall skal **sorterast** på miljøsentralen.




START



Dunken skal tilbake til **oppstillingsplassen** etter tøming.

Dunken må ikkje fyllast så mykje at du ikkje få igjen loket. Då vert det forsøpla kring dunken, noko som trekkjer til seg **skadedyr som fugl og rotter**.



Hyttekonteinarane berre skal **nyttast av dei som har hytteabonnement**. All anna bruk av konteinarane er misbruk av ei ordning som andre betaler for.

Berre posar av **papir** eller **maisstivelse** skal brukast i biodunken/kjøkkenspannet. Plastpoar og glas øydelegg det endelege produktet.



Du kan bruka **kort som betalingsmiddel** ved alle våre miljøsentralar.



Filmar

Med felles innsats kan me sørgja for at mitt og ditt avfall blir samla inn på rett måte, slik at mest mogleg av det me kastar kan bli til noko nytt. Sjå filmsnuttane me har lagt ut på nettsida og vår Facebook-side kor enkelt det er å skapa litt kvardagsmagi.

★ ★
KVARDAGSMAGI.NO
★ ★



Nettsider

På våre nettsider, **www.sim.as**, vil du finna det meste av informasjon om ordningane våre, om anlegga våre og om selskapet. I tillegg kan du senda inn ulike søknadar via våre skjema, rekna ut prisar for dei ulike dunkalternativa, søkja om å vera med på våre ryddedugnadar m.m.

SENDAR:

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Svartasmåget
N-5419 Fitjar

OFFENTLEG INFORMASJON

Kompostjord og plenblanding til hagen

Kompostjord og plenblanding kan kjøpast på SIM sine miljøsentralar, med atterhald om at me kan gå tom i periodar.



Kompostjorda kan nyttast på jordbruksareal, i parkar og private hagar, men bør blandast med anna mold før planting. Plenblandinga, derimot, kan du så direkte i utan å blanda inn anna jord. Den består av halvt om halvt med kompostjord og sand.

Prisen er kr. 200 for ein liten tilhengjar. For større mengder kostar det kr. 400 per tonn. Kunden må sjølv ha med tilhengjar. I Svartasmåget, på Heiane og Husnes er det råd å få hjelp til å lessa på tilhengjaren. Dette kostar kr. 75.

Har du rett abonnement?

SIM har ei fleksibel renovasjonsordning. Du kan tilpassa abonnementet til ditt behov; anten ved å bestilla oftare/sjeldnare tømning av restavfall, be om større/mindre bosdunk, dela dunkar med andre eller kompostera heime. Du kan også sortera ut plastballasje og glas- og metallemballasje og kostnadsfritt levera dette til miljøsentral/returpunkt.

Dunkbyte kan ta fem veker

Det kan ta opptil fem veker frå du har bestilt ny bosdunk til du får den heim. Årsaka er at SIM køyrer «oppsamlingsheat» med utdeling av bosdunkar i kvar kommune kvar femte veke. Dersom du tykkjer det vert for lenge å venta på dunken, kan du henta ny sjølv på miljøsentralen. I så fall må du melda frå til SIM på førehand.

Representantskapet

Representantskapet er øvste organ i SIM, og det er sett saman av 23 medlemmer, delt på dei sju eigarkommunane etter folketal. Medlemene kjem saman ein gong kvart år,

og i 2016 skal dei møtast fredag 29.april. Saker som skal opp på møtet kan ein få ved å ta kontakt med SIM.

OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE*

*Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

AUSTEVOLL, PORSDALEN

Torsdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april-30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00-14.00

Perioden 1. okt.-31. mars:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

BØMLO, HOLLUNSDALEN

Måndag-torsdag kl. 12.00-18.00

FITJAR, SVARTASMÅGET

Måndag kl. 10.00-18.00

KVINNHERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag og torsdag kl. 13.00-18.00

Tysdag og fredag kl. 08.00-13.00

Perioden 1. april-30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00

Perioden 1. okt.-31. mars:

Første laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag-fredag kl.10.00-18.00

Laurdag kl. 10.00-14.00

SVEIO, SVEIÅSEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

TYSNES, EREDALEN

Tysdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april-30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00

Perioden 1. okt.-31. mars:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00



SIM

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Svartasmåget, N-5419 Fitjar
Telefon: 53 45 78 50

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as